

FestidaGen: Ny tid for sykkleaktivitetar.

26.06.2018



Illustrasjonsfoto.

Torsdag mellom kl.16 og 18 vil Kvinnherad sykkelklubb ha kjekke aktivitetar for store og små, og i tillegg vil dei gje gode råd og hjelpe til med korleis ein bør vedlikehalda sykkelen. Dette er ein super anledning til å få tips frå folk som kan dette faget, og som ser det som viktig at sykkelen er i god stand.

På programmet vert det ei kjekk sykkeløype for dei minste med diplom for vel utført oppdrag. Her kan ein også få målt kor stor kraft ein har når ein tråkkar på pedalen.

Det vil altså bli gitt gode råd om sykkelvedlikehald, og dersom ein vil ha hjelp til justering av gear eller bremser, kan ein få det. Eit flott og nyttig tilbod som det kan vera lurt å nytta seg av, så still opp!

Elles melder FestidaGen-gruppa om svært god interesse for dei ulike aktivitetane dei tilbyr. Over 100 barn og ungdommar vert med, og mange har meldt seg på fleire tilbod. Det er berre to aktivitetar som går ut. Det er landevegssykling og instrumentbygging. Oversikt over dei gode tilboda finn vi på festidalen.no.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland